

PROTOKOLL

Representantskapet Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Møte: 2-2019

Tid: Fredag 6. desember 2019 kl. 10:00 - 10:45

Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS


Til stades:

Ordfører:	Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Astrid Aarhus Byrknes (Lindås), Karstein Totland (Masfjorden), Øyvind Oddekalv (Meland), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Jostein Borlaug (Radøy)
Rådmenn:	Ørjan Raknes Forthun (Lindås), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy)
Styret NUI:	Håkon Matre
NUI:	Rune Heradstveit
Andre:	Sara Sekkingstad (Alver)
Forfall:	Ingen

Sak 7/19	<p>Godkjenning møteinnkalling og sakliste</p> <p>Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.</p>
Sak 8/19	<p>Val av to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll</p> <p>Samrøystes vedtak: Astrid Aarhus Byrknes og Kjetil Eikefet vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.</p>
Sak 9/19	<p>Godkjenning møteprotokoll frå Representantskap 1-2019</p> <p>Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå Representantskapsmøte 1-2019 vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 10/19	<p>Val av leiar og nestleiar til Representantskapet NUI 2020-2023</p> <p>Samrøystes vedtak: Karstein Totland vert valt til leiar i Representantskapet NUI for perioden 2020-2023. Sara Hamre Sekkingstad vert valt til nestleiar i Representantskapet i NUI for perioden 2020-2023.</p>
Sak 11/19	<p>Val av styre til Nordhordland Utviklingsselskap IKS for 2020-2021</p> <p>Styret består av tre medlemmer og to varamedlemmer. Styret vert valde av representantskapet for to år om gongen. Representantskapet vel leiar og nestleiar.</p> <p>Valnemnda la fram forslag til styre for Nordhordland Utviklingsselskap IKS 2020-2021: Håkon Matre (styreleiar), Kari Utkilen (nestleiar), Arnhild Kjellevoid (medlem), Leif Taule (1. varamedlem), Aashild Halland (2. varamedlem).</p> <p>Valnemnda føreslår fylgjande satsar for styrehonorar.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Styreleiar: kr 27 000 ▪ Nestleiar og medlem: kr 12 000 ▪ Møtehonorar for vara: kr 2000 pr. møte

	<p>Samrøystes vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Representantskapet vedtar samrøystes innstillinga frå valnemnda og oppnemner for perioden 2020-2021, Håkon Matre til styreleiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Kari Utkilen til nestleiar og Arnhild Kjellevold til medlem. Leif Taule vert valt som 1. varamedlem og Aashild Halland som 2. varamedlem. ▪ Representantskapet set styrehonorar til kr 27 000 for styreleiar og kr 12 000 for nestleiar og medlem og kr 2 000 som møtehonorar for varamedlemer. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.
Sak 12/19	<p>Val av valnemnd NUI for 2020-2023 Representantskapet vel tre personar til valnemnd i møtet.</p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet vel Hallvard Oppedal, Kjetil Eikefet og Per Lerøy til valnemnd NUI for perioden 2020-2023. Valnemna har ansvar for å føreslå kandidatar til styret i selskapet, og til å føreslå kandidatar til leiar og nestleiar i Regionrådet. Valnemna føreslår honorar til styret og leiar av Regionrådet.</p>
Sak 13/19	<p>Orientering frå NUI Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte om status for drift, arbeidsoppgåver og prosjekt i NUI.</p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 14/19	<p>Godkjenning budsjett 2020 for Nordhordland Utviklingsselskap IKS (vedlegg) Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit la fram styret sitt forslag til budsjett for 2020. Styret godkjente budsjettet i styremøte 18. november 2019.</p> <p>Styret tilrår at Representantskapet gjer fylgjande vedtak: <i>Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til årsbudsjett for 2020. NUI får eit generelt løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettet. NUI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnader for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.</i></p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til årsbudsjett for 2020.</p> <p>NUI får generell løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettet. NUI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnader for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.</p>

Knarvik, 6. desember 2019



Karstein Totland
Leiar Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Astrid Aarhus Byrknes
Medlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Kjetil Eikefet
Medlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS